

GEBYRFORSKRIFT FOR TEKNISK FORVALTNING I ODDA KOMMUNE 2017

GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- **§ 33-1 i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven) av 27. juni 2008.**
- **§ 32 i Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.juni 2005 og § 16 i Forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften) av 26.juni 2009.**
- **§ 7 i lov om eierseksjoner av 23. mai 1997.**
- **Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker av 14. desember 2011 (Forskrift til forvaltningsloven § 27a.)**
- **§ 11.4 i Forskrift om begrensnig av forurensning (forurensningsforskriften) av 01.juni 2004 (Jf. forurensningsloven § 52 a)**

Vedteke av kommunestyret 21.12.16

A Generelle reglar

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslegen.

Dersom eit avslag medfører ein revidert søknad innan 3 månader og denne blir godkjent, skal 75% av først innbetalt søknadsgebyr/basisgebyr gå til frådrag i nytt gebyr. (For plansaker etter plbl §§ 12-3 og 12-11 og søknadssaker etter dei andre heimlane gjeld eigne reglar, sjå pkt. C.1.3, E.3 og F)

Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal være betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

A.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok mot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

A.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal kartforretningsgebyr og aktuelle tinglysingsgebyr vera betalt før mellombels forretning, målebrev eller registreringsbrev blir sendt til tinglysing.

For søknadssaker kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengre betalingsfrist.

A.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbert urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

A.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

A.6 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter delings- og seksjoneringslova.

A.7 Avbrote arbeid/avslag på søknad

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra. Dersom søknaden blir avslått skal det betalast gebyr etter tilhøyrande sats minus 20%.

A.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret vedtek at gjeldande regulativ skal indeksregulerast, skal satsane regulerast i samsvar med KS' "Hovedoversikt over kommunale arbeidstakere tabell II over endringer i månedsfortjeneste i % for teknisk sektor." Ved nemnde regulering skal ein avrunda satsane. Satsar over kr 50 skal ein avrunda til heile 10 kroner.

A.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

B Attestar o.l., og tenester som skal betalast etter medgått tid

B.1 Timepris

For gebyr som skal reknast ut etter medgått tid, jf. regulativet, skal det nyttast følgjande timesatsar:

a. Kontorarbeid, sakshandsamar	kr 1.200
b. Feltarbeid: Einskildperson	kr 1.200
Målelag	kr 1.900
Minstegebyr for målelag	kr 3.500

B.2 Innhenting av eigedomsinformasjon / megleroppgåver

Innhenting av eigedomsinformasjon vert fakturert som kontorarbed etter punkt B.1 med ein til tre timar.

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§ 33-1)

C.1 Plansaker (§§ 12-3 og 12-11)

C.1.1 Planavklaringsmøte med referat (per møte) (§12-8)

a. Enkel sak	kr 2.600
b. Middels tung sak	kr 5.300
c. Komplisert sak	kr 7.800

Der det innan eit år kjem søknad om godkjenning i same sak, skal betalt gebyr for første planavklaringsmøte koma til frådrag i basisgebyret etter pkt. C.1.2.

C.1.2 Privat forslag til detaljregulering, eller endring av gjeldande reguleringsplan (plbl §§ 12-3 og 12-11)

Saksgebyret skal kommunen rekna ut etter følgjande tabell:

GEBYR	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
Basisgebyr ¹	Kr. 26.000	Kr. 42.000	Kr. 58.000
Tillegg for bearbeiding	Kr. 5.300	Kr. 9.500	Etter medgått tid og utgifter til sakkunnig bistand. Minstegebyr: Kr. 11.600

Ein forutset at planen er utarbeida ved digitale teknikkar og vedlagt søknaden i digital form.

Inndelinga er definert slik:

- Enkel sak: I samsvar med overordna plan, regelverk og offentlege vedtak.
- Middels tung sak: Delvis i samsvar med overordna plan, regelverk og offentlege vedtak.
- Komplisert sak: Forslag i strid med overordna regelverk, plan eller offentlig vedtak

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei "offentleg" plansak, må bruka tid på **bearbeiding av planpresentasjonen**, skal det betalast eit tilleggsgebyr som vist i tabellen.

Administrasjonen står fritt til å kunne redusere basisgebyr for plansaker etter ei særskilt vurdering der arbeidsmengde ikkje kan rettferdiggjere gebyret.

C.1.3 Forna søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. C.1.2) og fulle tilleggsgebyr der søknaden medfører tilleggsarbeid for kommunen.

Ein fornya søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

C.1.4 Søknad om planendring.

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:

Basisgebyr:

- Klasse 1 Mindre reguleringsendring² kr 10.500
- Klasse 2 Reguleringsendring³: Basisgebyr iht. C.1.2, redusert med 25%

Ein forutset at plankart er i digital og nasjonal godkjent standard.

C.1.5 Konsekvensutgreiing

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid og utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta) kr 6.900

C.2 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

C.2.1 Førehandskonferanse (plbl § 21-1)

- a Søknadssak – enkel sak (tiltaksklasse 1) kr 0
- b Søknadssak – middels tung sak (tiltaksklasse 2) kr 0
- c Søknadssak – komplisert sak (tiltaksklasse 3) kr 0

C.2.2 Tiltak som krev søknad og løyve som kan forestås av tiltakshavar § 20-4

- a. Sak som krev oppdatering av offentlig kart eller register: kr 3.500

¹ Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak.

² Mindre reguleringsendringar vert avgjort av Utviklingskomiteen i Odda kommune. Mindre endringar er tiltak som ikkje får nemneverdig tyding for berørte partar. Ingen vesentlege partsmerknadar mot endringane.

³ Same formkrav til planprosess som utarbeiding av reguleringsplan.

b. Sak som ikkje krev oppdatering av offentleg. kart eller register: kr 2.300

Der tiltakshavar innan 3 år sender revidert søknad som medfører ajourføring av offentleg kart eller register, skal det betalast tilleggsgebyr tilsvarende 25 % av gebyr etter pkt. a.

C.2.3 Gebyr ved mottakskontroll av byggesaker

Gebyr ved store manglar ved søknad som krev meir enn eit brev, gjentatte purringar etter informasjon før sakshandsaminga kan takast opp. kr 1.500

C.2.4 Dispensasjon (plbl §§ 19-1 og 19-2)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter pkt. C.

a. Gebyr dispensasjonssak som ikkje krev høyring mot eksterne partar kr 7.000

b. Gebyr dispensasjonssak som krev høyring mot eksterne partar kr 9.200

Ved dispensasjon frå arealplanar som er eldre enn 30 år kan administrasjonen heilt eller delvis frita søkjar frå å betale gebyr. Dette skal gjerast etter ei konkret vurdering og det skal føreligge særlege grunnar for å kunne gje eit slikt fritak.

C.2.5 Søknadspiktig tiltak (plbl § 20-1)

Opprekninga av tiltak under C.2.5 er ikkje uttømmende. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Faste gebyr føreset at søknaden er i samsvar med førehandsgodkjende tekniske løysingar. Der dette ikkje er tilfelle, skal gebyra reknast ut etter medgått tid og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp. I desse sakene skal fastgebyret vera minstegebyr.

Der eit tiltak er eit kombinasjonstiltak med fleire ulike og sjølvstendige brukseiningar, skal det betalast gebyr etter den høgste tiltaksklassen. For søknader der gebyr skal betalast per eining som inngår i søknaden, gjeld regelen om høgste gebyrkategori berre vedkomande eining.

For pkt. C.2.5, med unntak av 2.5.1 Enkle tiltak utgjer halve gebyret søknad om rammeløyve, og halve gebyret søknad om igangsettingsløyve og ferdigattest.

C.2.5.2 Oppføring av bygning (plbl § 20-1 a)

C.2.5.2.1 Bustad- og fritidshus;

: Bustadhus (for første bueining): kr 6.400
: Fritidshus kr 8.200

Der bygningen har fleire bueiningar som tilfredsstillar tekniske krav for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

- Bueining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.
- Frå og med bueining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

For bueining som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane i tabellen.

C 2.5.2.2 For handsaming av alle typar nybygg, samt tilbygg, påbygg, underbygg og hovudombygging, plbl 20-1-a, betalast med gebyr etter arbeidets brutto golvflate:

Minstegebyr: kr 3.800

51 m2	til	200 m2	pr m2	kr. 81,00 i tillegg
201 m2	til	400 m2	pr m2	kr. 58,00 i tillegg
401 m2	til	600 m2	pr m2	kr. 44,00 i tillegg
alt over		600 m2	pr m2	kr. 23,00 i tillegg

For kvar etasje over og under betalast eit tillegg på 50 % av grunnflatetaksten.

Næringsbygg (definert som industribygg, kontorbygg og salslokale) får 30 % reduksjon

C.2.5.3 Fasadeendring m.v. (plbl § 20-1-c)

- a. Mindre fasadeendring kr 2.200
- b. Omfattande fasadeendring kr 4.600

C.2.5.4 Bruksendring m.v. (plbl § 20-1-d)

- a. Bruksendring som ikkje medfører endring av bygg, tekniske installasjonar m.v.: kr 2.200
- b. For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast aktuelt gebyr for endringane i samsvar med C 2.5.2.2

C.2.5.5 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (plbl § 20-1-e)

- a. Bygningar med BRA < 100 m2 kr 2.000
- b. Bygningar med BRA > 100 m2 og < 300m2 kr 4.100
- c. Bygningar med BRA > 300m2 kr 6.000
- d. Konstruksjonar og anlegg etter medgått tid og evt. utlegg til fagkunnig hjelp. **Minstegebyr:** kr 2.000

Dersom riving inngår i søknad om nybygg skal det ikkje reknast gebyr for riving.

C.2.5.6 Oppføring eller endring av byggtkniske installasjonar (plbl § 20-1-f)

For heis, rulletrapp o.l. gjeld pkt.C.2.5.13

For andre søknadstiltak, skal det berre krevjast særskilt gebyr der søknaden er eit sjølvstendig tiltak. Gebyret skal reknast ut i høve til medgått tid og utlegg til fagkunnig hjelp.

Minstegebyr: kr 4.000

C.2.5.7 Oppdeling eller samanslåing av brukseining(ar) i bustad m.v. (plbl § 20-1-g)

For samanslåing av bustadeiningar, ombygging av bustad som krev at bustaden må fråflyttast mellombels eller permanent, skal det i tillegg til gebyr for eventuelle ombyggingsarbeid,

kr 2.600

C.2.5.8 Oppføring av innhegning mot veg, skilt eller reklame (plbl § 20-1-h)

Der tiltaket inngår i søknad etter plbl § 20-1, skal det ikkje krevjast gebyr.

Der tiltaket er eit sjølvstendig søknadstiltak i tiltaksklasse 1, er gebyra:

- a. Innhegning mot veg kr 2.600
- b. Skilt/reklame (plbl § 20-1) utan godkjent plan. Pr. sak. kr 2.600

Der tiltaket er i høgre tiltaksklasse enn 1, skal det betalast etter brukte timeverk og utlegg til fagkunnig hjelp. **Minstegebyr:**

kr 3.200

C.2.5.9 Vesentlege terrenginngrep (plbl § 20-1-k)

Enkel sak (klasse 1):

kr 2.600

Middels tung sak (klasse 2):	kr 4.000
Tung sak (klasse 3): medgått tid og utlegg til fagkunnig hjelp. Minstegebyr:	kr 6.600

C.2.5.10 Oppretting av ny grunneigedom mm. (plbl § 20-1-m)

kr 2.000

C.2.5.11 Konstruksjon og anlegg (plbl § 20-1)

Enkle byggverk og konstruksjonar, f.eks. kiosk, mast, enkle bygg for reinseanlegg, damhus o.l., Derimot skal det for større byggverk og tiltak etter plbl § 29-6, 29-9 (heis m.v.) som inngår i eit anlegg, også betalast gebyr etter C.2.5.2.2.

I tillegg skal tiltakshavar også dekkje kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf. plbl § 29-6 a nr.3.

For konstruksjon og anlegg i **tung sak** (klasse 3) skal gebyret reknast ut etter brukte timeverk.

Minstegebyr: kr 4.000

For konstruksjon og anlegg i enkel og middels tung sak er gebyret:

1 Parkerings-/opplagsplass, støttemur, vernevoll/-grop, kai, molo, o.l.

Enkel sak (klasse 1):	kr 4.000
Middels tung sak (klasse 2):	kr 8.000

2 Vegar med tilhøyrande innretningar inntil 500 m lengde:

Enkel sak (klasse 1):	kr 4.000
Middels tung sak (klasse 2):	kr 8.000

For vegar som er lengre enn 500 m, skal kommunen krevja eit tillegg som svarar til meirkostnadene som kommunen får for denne delen av si sakshandsaming.

Der del av eller innretning til eit veganlegg er klassifisert som tiltak i høgere klasse enn hovudanlegget, t.d. ei bru, skal kommunen krevja eit tillegg som svarar til dei meirkostnadene kommunen får for denne delen av si sakshandsaming.

3 Damanlegg, basseng, brønn o.l.

Enkel sak (klasse 1):	kr 4.000
Middels tung sak (klasse 2):	kr 8.000

4 Røyranlegg (vatn, avlaup, olje, gass), EI-, Tele, TV og signalanlegg over, på og under jorda si overflata for inntil ein km trasélengd:

Enkel sak (klasse 1):	kr 4.000
Middels tung sak (klasse 2):	kr 8.000

For leidningstrasé som er lengre enn 1 km, kan kommunen krevja eit tillegg som svarar til meirkostnadene i høve til grunngebyret.

Der det blir lagt fleire typar leidningar (røyr og kablar) i same grøft, skal det betalast eit tilleggsgebyr på 50 % for kvar ekstra leidningstype som blir lagt.

5 Andre konstruksjonar og anlegg:

For andre typar konstruksjonar og anlegg skal det betalast gebyr etter medgått tid også for tung sak. **Minstegebyr:** kr 4.000

For enkel og middels tung sak er gebyret:

Enkel sak (klasse 1):	kr 4.000
Middels tung sak (klasse 2):	kr 8.000

C.2.5.12 Mellombels bruksløyve (plbl § 21.10)

For handsaming av mellombels bruksløyve.

Minstegebyr	kr 5.000
Fornyng av mellombels bruksløyve	kr 2.500

C.2.5.13 Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (plbl § 29-9)

Der kommunen må nytta sakkunnig hjelp til sakshandsaming og i kontroll av anlegg som er i drift, skal eigar (tiltakshavar) dekkje kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp. I tillegg skal det betalast eit saksgebyr for kommunen sitt arbeid:

kr 4.000

Der privat firma utfører kontroll og tilsyn og ber kommunen om å fatte vedtak om pålegg skal det betalast eit saksgebyr for kommunen sitt arbeid:

kr 4.000

Der kommunen sjølv utfører sakshandsaminga eller tryggleikskontrollane, skal det betalast følgjande gebyr:

C.2.5.13.1 Ny heis, rulletrapp, rullande fortau, permanente løfteinnretningar o.l.

- | | |
|--|----------|
| a. Heis, rulletrapp, rullande fortau for person eller kombinasjon person/vare: | kr 4.000 |
| b. Heis, rulletrapp, rullande fortau (transportband) for varer, løfteinnretning: | kr 5.800 |

C.2.5.13.2 Ombygging og større reparasjonar

- | | |
|--|----------|
| a. Heis, rulletrapp, rullande fortau for person eller kombinasjon person/vare: | kr 4.000 |
| b. Heis, rulletrapp, rullande fortau (transportband) for varer, løfteinnretning: | kr 5.800 |

C.2.6 Endringar i høve til gjeve løyve

For sakshandsaming av endringsforslag skal det betalast slikt gebyr:

Søknadsendring der det må sendast nytt nabovarsel	kr 4.000
Søknadsendring som ikkje krev nabovarsling	kr 2.000

Er det søkt om større endring(ar), kan kommunen krevja at saka skal handsamast som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve til regulativet, jf. pkt. A.4.

C.3 Handsaming av avvik

For handsaming av rapportert avvik eller avvik som er avdekt gjennom tilsyn, er gebyret per handsama avvik:	kr 2.000
Minstegebyr:	kr 4.000

C.4 Ulovlege byggearbeid.

For kommunen sine arbeid med ulovleg byggesak skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand.

C 4.1 Lovbrotgebyr. (Plbl § 32-8)

Føretak kan ileggast lovbrotgebyr inntil gjevne beløpsgrenser for forsettlige eller uaktsomme overtredingar som nevnt i bokstav a til g. Privatpersonar kan ileggast lovbrotgebyr inntil halvparten av gjevne beløpsgrenser for forsettlige eller uaktsomme overtredingar som nevnt i bokstav a til g.

- a) Den som utfører eller lar utføre tiltak som nevnt i plan og bygningsloven § 20-1 og 20-2 utan at det foreligger nødvendig løyve, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 der tiltaket for øvrig i det vesentlege er i tråd med krav gjeve i eller med heimel i plan og bygningslova.
 - 2) inntil kr 50.000 der tiltak ikkje i det vesentlege er i samsvar med krav gjeve i eller med heimel i plan og bygningslova.
 - 3) inntil kr 200.000 der tiltaket medfører arvorleg uopprettleg skade eller fare for dette.
- b) Den som bruker eller lar bruke tiltak utan at det føreligg nødvendig løyve til bruksendring, ferdigattest eller mellombels bruksløyve etter plan og bygningslova, eller er i strid med vilkåra i slike løyver, ileggast gebyr:

- 1) inntil kr 10.000 der tiltaket for øvrig i det vesentlege er i tråd med krav gjeve i eller med heimel i plan og bygningslova.
 - 2) inntil kr 50.000 der tiltak ikkje i det vesentlege er i samsvar med krav gjeve i eller med heimel i plan og bygningslova. eller bruken kan føre til personskadar, alvorleg materiell skade eller skade på miljøet
 - 3) inntil kr 200.000 der bruken har ført til, eller ved stor moglegheit for at den kunne ført til personskade, alvorleg materiell skade eller skade på miljøet
- c) Den som prosjekterer, utfører, lar prosjektere eller lar utføre tiltak som nevnt i plan-og bygningslova § 20-1 til § 20-4 i strid med bestemminga gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 ved mindre avvik frå krav i byggteknisk forskrift, reglar for plassering mv. samt plan, plankrav og forbudet i plan- og bygningslova § 1-8
 - 2) inntil kr 50.000 ved avvik frå krav i byggteknisk forskrift, reglar for plassering mv. samt plan, plankrav og forbudet i plan- og bygningslova § 1-8 som ikkje er mindre
 - 3) inntil kr 200.000 der overtredinga har ført til, eller ved fare for at den kan føre til personskade, alvorleg materiell skade eller skade miljøet, samt ved vesentleg avvik frå plan, plankrav og forbudet i plan- og bygningslova § 1-8.
- d) Den som forestår søknad, prosjekterar, utfører, lar prosjektera eller lar utføre tiltak som nevnt i plan- og bygningslova § 20-1, utan at arbeidet blir utført av påkrevde godkjent ansvarlege føretak, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 der tiltaket eller delar av tiltaket utførast utan godkjent føretak
 - 2) inntil kr 50.000 der tiltaket eller delar av tiltaket utførast utan godkjent føretak, og prosjektering manglar eller det er feil i prosjekteringa eller i utføringa.
- e) Den som ikkje utfører uavhengig kontroll av tiltak i samsvar med bestemminga gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova og gjevne løyver, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 ved sviktande eller unnlatt pliktig uavhengig kontroll som kunne medføre at feil i prosjektering eller utføring ikkje vart avdekka
 - 2) inntil kr 50.000 ved sviktande eller unnlatt pliktig uavhengig kontroll som kunne medføre at alvorleg feil i prosjektering eller utføring ikkje vart avdekka
 - 3) inntil kr 200.000 ved sviktande eller unnlatt pliktig uavhengig kontroll, og unnlatinga medførte at alvorleg feil i prosjektering eller utføring ikkje vart avdekka, og det medførte personskade, avvik frå løyve, materielle skade og skade for miljøet
- f) Den som ikkje etterkjem skriftleg pålegg i tilfelle som nevnt i plan- og bygningslova § 32-8 bokstav g til l, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 der pålegg ikkje etterkomast for forhold som kan medføre gebyr inntil kr 50.000 etter bokstav c, og kommunen ikkje krever tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5
 - 2) inntil kr 50.000 der pålegg ikkje etterkomast for forhold som kan medføre gebyr inntil kr 200.000 etter bokstav c nr 3
- g) Den som gjev urette eller villeidande opplysningar til plan- og bygningsmyndigheitene, ileggast gebyr:
- 1) inntil kr 10.000 ved feil eller villeidande opplysningar, der forholdet medfører mindre avvik eller ulempe
 - 2) inntil kr 50.000 ved feil eller villeidande opplysningar, der forholdet medfører større avvik eller ulempe
 - 3) inntil kr 100.000 ved forfalsking av underskrift og dokumentasjon.

D Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§ 32, forskriftene § 16.)

D.1 Oppmålingsforretning

D.1.1 Forretning etter matrikkellova

D.1.1.1 Oppmålingsforretning av ny grunneigendom og festegrunn.

For samtidig matrikulering av fleire tomter i regulert område, på same grunneigedom, vert prisen frå og med den 5. tomte redusert med 30%.

areal til og med 5000 m²

kr 21.000

areal over 5000 m²

kr 21.000, pluss 0,3xarealet i m².

D.1.1.2	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn Gebyr skal reknast etter punkt D.1.1.1.	
D.1.1.2	Oppretting av anleggseigedom Etter medgått tid. Minstepris:	kr 24.000
D.1.1.3	Registrering av eksisterande jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling. Etter medgått tid.	
D.1.1.4	Justering av eksisterande grenser for grunneigedom, festegrund og jordsameige.	
	a) Areal frå 0 – 250 m2:	kr 6.000
	b) Areal frå 251 – 500 m2:	kr 10.500
D.1.1.5	Arealoverføring Minstegebyr + tillegg per m2	kr 9.200 + kr 24,00 pr. m2
D.1.1.6	Oppmålingsforretning over grenser og grensepåvising. For 3 punkt For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 7.500 kr 1.200
D.1.1.7	Matrikkelføring av privat avtale om grense Gebyr etter medgått tid	
D.1.1.8	Oppmålingsforretning utført utan markarbeid. Kontorforretning	kr 7.500
D.1.2	Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering. Gebyr skal betalast etter regelen i pkt. A.7. Minstegebyr	kr 3.500
D.1.3	Utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal til seksjon Minstegebyr tillegg frå 1 m2 opp til maks. grense på 500 m2. Der utarbeiding av matrikkelbrev ikkje krev markarbeid, er gebyret per seksjon	kr 9.200 + kr 24,00 pr. m2 kr 7.800
	Ved reseksjonering som medfører endring av grenser for ein seksjon sitt uteareal, skal det lagast nytt matrikkelbrev. Gebyr skal betalast i samsvar med ovanstående satsar.	
D.1.4	Utskrift av matrikkelbrev. Attestert utskrift av matrikkelbrev:	kr 260

E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (§ 7)

E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

- Sak som krev synfaring: **fem rettsgebyr.**
- Sak som ikkje krev synfaring: **tre rettsgebyr.**

E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i pkt. D.2.1.

E.3 Ny handsaming av avslegne søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom

søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

F Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker av 14. desember 2011

Kommunen skal krevja gebyr **etter reglane i forskrifta** for følgjande saker:

- a) Søknader om konsesjon (ervertstillatelse) etter lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved ervert av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3.

Behandlingsgebyr pr. søknad kr 5.000

- b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Når søknaden vert handsama saman med anna lov og forskrift kr 2.000

Når søknaden vert handsama som eiga sak kr 2.000